

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

Vår dato: 30.04.2025

Vår ref.: 202106995-2 Oppgi ved kontakt

Dykkar ref.:

Høyring av søknad om konsesjon for regulering av Isdalsvatn, Kvinnherad kommune i Vestland

NVE har fått søknad frå Gjetingsdalen Kraft AS om løyve etter vassressurslova for regulering av Isdalsvatn. Søknaden blir no send på høyring til ramma partar med høyringsfrist 17.06.2025.

Kva det vert søkt om

NVE har fått søknad frå Gjetingsdalen Kraft AS, datert 08.04.2021, om løyve etter vassressurslova til regulering av Isdalsvatn. Det vert søkt om passiv regulering av vatnet mellom kote 925,5 og kote 928 (totalt 2,5 m) for å auke produksjonen og utjamne vasstilførselen til Gjetingsdalen og Dalelva kraftverk. Reguleringa vil føre til færre dagar med start-stopp køyring ved dei to kraftverka, og ei jamnare vassføring på strekninga nedstraums inntaket. Dei to eksisterande kraftverka i Dalelva vil få ein auka produksjon på om lag 0,91 GWh. Søknaden med vedlegg er tilgjengeleg på NVE si nettside: www.nve.no/8814/V. Søknaden skal behandlast etter reglane i kapittel 3 i vassressurslova.

Kva vi ønskjer fråsegn om

Gjennom høyring av søknaden ønskjer NVE å få inn synspunkt på planane som er presenterte i søknaden. NVE ønskjer konkrete synspunkt på om planane bør gjennomførast, ev. val av alternativ eller forslag til avgrensingar i planane. Vi ønskjer også grunngitte forslag til mildnande tiltak som kan redusere eventuelle ulemper ved gjennomføringa av prosjektet. I tillegg ber vi om eventuelle kommentarar til om søknaden gir tilstrekkelege opplysningar om verknadene av tiltaket. Alle som har meiningar om saka, kan sende inn ei fråsegn.

Slik sender du inn høyringsfråsegn

Alle som har meiningar om saka, kan sende fråsegn på éin av følgjande måtar:

- via skjema for fråsegn, som de finn på nettsida i saka (www.nve.no/8814/V)
- via e-post til nve@nve.no (merk e-posten med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106995 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)



- via brev til NVE, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO (merk brevet med «Høyringsfråsegn» og saksnummer 202106995 i emnefeltet, og oppgi namn og organisasjonsnummer i innleiinga om du representerer ei verksemd)

Frist for å sende fråsegn er

17.06.2025

Fråsegn eller delar av fråsegn vil bli refererte i saka. Dersom fråsegna er lange, er det derfor ein fordel om det vert utarbeidd eit samandrag som kan brukast til dette.

Høyringsfråsegnene er offentlege dokument, og sentrale saksdokument vert lagde ut på NVE sine nettsider.

Til kommunen

Vi ber Kvinnherad kommune om å informere om saka på nettsidene sine og ev. sosiale medium.

Med helsing

Heidi Kannick
Seniorkonsulent

Godkjent etter NVE sine interne rutinar.

Mottakarliste:

Vannregionmyndigheten for Vestland - Merete Farstad
Direktoratet for mineralforvaltning med Bergmesteren for Svalbard
KVINNHERAD KOMMUNE
STATNETT SF
BKK AS
NATURVERNFORBUNDET HORDALAND
Sabima Samarbeidsrådet For Biologisk Mangfold
NORSKE REINDRIFTSAMERS LANDSFORBUND
Mattilsynet



NHO Reiseliv Region Vest-Norge
Friluftsrådernes Landsforbund - Bergen og Omland Friluftsråd
FORUM FOR NATUR OG FRILUFTSLIV HORDALAND
Fortidsminneforeningen i Hordaland
Norges Jeger- og Fiskerforbund – Hordaland
Norsk Maritimt Museum
Landbruksdirektoratet
Norsk Friluftsliv
Naturvernforbundet
STATSFORVALTAREN I VESTLAND
VESTLAND FYLKESKOMMUNE
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Kari Bjørndal
VESTLAND FYLKESKOMMUNE - Sveinung Klyve

Kopimottakarliste:

GJETINGSDALEN KRAFT AS
TBMV - Seksjon for miljøtilsyn vassdragsanlegg - Randi Holme
EKK - Seksjon for kraftsituasjon og ressurser - Mette Eltvik Henriksen
EKS - Seksjon for energisystem - Ingrid Bjørshol Holm
EKV - Seksjon for vannkraftkonsesjoner - Martine Bjørnhaug